

# LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 3

15. mars 1983

19. årgang

## Brev til deg som er ung

Frå Olav Valen Sendstad

### Din frelsar

Eg veit at du heilt frå barndomen har høyrt om Jesus Kristus. Du har høyrt om han heime hjå mor og far, på sundagsskulen, på skulen, i kyrkja, i samlingar, i radio, gjennom bøker og blad.

Eg veit at du på denne måten ofte tykkjer at det ikkje er nokon du kjenner så godt som nett Jesus — og endå tykkjer du av og til det er underleg at han likevel er langt borte frå deg. Du tykkjer du kjenner han — og på same tid kjenner du han ikkje. Og så kjem du ofte i villråd med både han og deg sjølv. Stundom tykkjer du han er nær, og du kan tala i trumål med han — og andre tider plagar det deg at du kan vera så kald, ja mest hard innvendes andsynes alt det som har med han å gjera.

Då er det ein ting eg vil minna deg om. Jesus er Jesus anten du stiller deg slik eller slik til han, anten du kjenner deg varm eller kald. For det er ikkje fantasi din som diktar og lagar Jesus. Det var heller ikkje fantasi til fedrane, far og mor sin fantasi, eller prestane sin fantasi som fann opp Jesus. Difor kan du

aldri læra å kjenna han til fullnads, der som du berre heldt deg til kva du kjenner og tenkjer, eller til det du målar ut om han for deg sjølv ved hjelp av fantasi eller diktarevner.

Ja, eg vil gå så langt som å seia at du må vera mykje kritisk mot deg sjølv i alt det du tenkjer om Jesus — og sjå vel etter at det du tenkjer om Han, svarar til *det verkelege*, og ikkje berre er eit hjernehespinn i deg. For dersom du ikkje er kritisk og varsam på denne måten, så kan du få ein oppdikta og sjølvlagta Frelsar, i staden for den *verkelege og sanne*. Og du skal vita at den *verkelege* Frelsar både i sanning, godelek og venleik står høgt over alt det du kan tenkja på sjølv eller fantasera deg til.

Vil du vita korleis den *verkelege* Jesus er, så må du halda deg nøye til *Guds ord*, d.v.s. Bibelen. For berre der får du den heilage kunnskap om Jesus som du kan vera viss på ikkje er noko oppdikta fantasiproduct. Det er som Paulus seier om evangeliet, om Frelsaren og frelsa: «Det som ikkje auga såg og øyra ikkje høyrd, og som ikkje kom opp i menne-

skehjarta, det som Gud etla deim som elskar han.» (1. Kor. 2,9.) Og dette har Han så late skriva ned i den heilage Bibelen, ved at han let sin Heilige Ande koma over og fylla hjarto til profetane og apostlane, og lærde deim kva dei skulle skriva, så dei kunne skriva sant og rett om det guddomelege. Kan du då ha råd til å oversjå *Guds ord* om saka?

Eg kan ikkje skriva dette brevet alt for langt. Men no vil eg stutt og saman-trengt nemna litt av det Bibelen fortel om Jesus. Då kan du sjølv skjøna at dette umogeleg kan vera kome frå våre hjarto, frå våre tankar eller fantasiførestillingar. Det er alt for høgt og stort til det.

Det fyrste eg då vil peika på, er at i Det Nye Testamente vert Jesus nemnt med ei rekke *ulike namn*. T.d. «Ordet», «Sonen», «den einborne son», «Menneskesonen», «Davids son», «Guds son», «Jesus», «Kristus», (Messias), «Herren», o.s.v. Du må ikkje tru at alle desse namna er på slump. Vi har eit ordtak som seier: Kjært barn ha mange namn. Men Jesus har ikkje alle desse namna berre fordi han er kjær for dei som trur på han. Kvart namn han har, seier noko sers om han, og fortel oss anten noko han er eller noko han gjør.

Namnet «Jesus» fekk han då han var åtte dagar gamal (Luk. 2,21), og det namnet tyder «Herren frelser». Det namnet fekk han då han vart fødd som eit menneske her på jord i Betlehem. Sida den tid kallast han Jesus. Men før den tid, for han var til før han vart avla og fødd av Maria, bar han namnet «Ordet», «Sonen», «den einborne», o.a., medan andre namn peikar på kven han

var her i *tida på jorda*: «Menneskesonen», «Davids son», «Jesus», o.a. Og endå andre namn seier i eitt ord kven han er, både i æva og i tida: «Guds son», «Eg», «Kristus» (Messias), o.a.

Her skal du no merka deg den store skilnad mellom Jesus og deg. Han var til og var ein levande person før han vart fødd av si jordiske mor, Maria — du derimot var ingen person før frå den augneblinken du vart avla i morsliv. Han er evig skapt — du er av tida og jorda skapt.

Så skal du høyra det neste om han: «I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud.» (Johs. 1,1.) Han var hjå Gud — frå æva var han «i fanget åt Faderen» (Johs. 1,18). Men og: Han var sjølv Gud. Han var sonen hjå Faderen, eit bilet av Faderen sitt vesen og hans grunnhått.

Han var lik Far sin i ære og makt, i vesen og herlegdom.

Når du altså høyrer at *Jesus* er din Frelsar, så må det no tona i sjela di: *Gud* sjølv er min Frelsar, for Jesus er Gud frå æva. Då må du og vita at frelsa di er fullkommen, sann, guddomeleg og evig.

Lat oss så gå eit lite steg vidare, kjære ven — og høyra nærmare om vår evige Frelsar. «Alle ting vart til ved han, og utan han vart ikkje ein einaste ting til av det som har vorte til» (Johs. 1,3). Høyrer du? Alle ting er skapte av *Faderen*, men og ved *Sonen*. Altså, kjære ven, er både du og eg skapte ved *Jesus*. For vi er skapte ved *Guds ord*, og Guds ord er det same som «Ordet» eller «den einborne Son» eller «Jesus Kristus, Herren».

Høyр no: Frelsaren din er Skaparen din. Går ikkje det langt over alt det du

**Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt til alle som sender  
eksp., namn og adr.

Bladet blir halde opp av frivillige gäver.

Eksp.: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon (055) 58363

Alt som har med bladet sin eksp.  
blir sendt dit, som tinging, oppseining  
og adresseforandring.

Gäver til bladet. Postgiro 5 68 21 33.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund.

Tlf. (055) 51 080.

**Norsk Luth. Lekmannsmisjon**

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærø Telf. 04-433685.

Kass. Sverre Boein, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro

Vikøy Sparebank 3530.21.00932.

ØYSTESE TRYKKERI A/S

kan tenkja ut sjølv eller dikta? Han som hang på krossen for di skuld, det var «herlegdomsherren» (1. Kor. 2,8). Det var ved *Guds blod* (Ap.gj. 20.28) du vart løyst ut.

Så nær kom han deg, og så nær kunne han koma deg, fordi han som er Skaparen din og ville verta Frelsaren din ved at han *vart eit menneske*. «Ordet vart kjøt og feste bu hjå oss», seier Skrifta (Johs. 1,14). På same måte som vi syndige menneskeborn har del i kjøt og blod, slik fekk og Guds einborne Son del i kjøt og blod og vart eit menneske (Hebr. 2,14).

Difor er Jesus frå Nasaret ingen ringare enn *Gud i kjøt og blod*. Og i dette kjøt og blod har han fullkomne openberra grunnhåtten i Guds nåde, Guds herlegdom og kjærleik. Og i det har han openberra Guds evige råd til vår frelse og utløysing.

Så er det og sant at Guds Son «er røynd i alle ting i likning med oss, då ut-

an synd» (Hebr. 4,15). Guds Son har røynt å verta fødd og veksa opp her i verda, han har røynt arbeidet sitt strev og sine gleder, sorger og lidingar som hører dette livet til, tyngsle ved freistingane, trøyst i venskapen — og såre vonbrot over venene som sveik. Og til sist smaka han vår død.

Alt dette gjorde han, ikkje for *si* eiga skuld, men for *vår*. Fordi han elskar oss med ein evig kjærleik. Fordi han såg vårt djupe fall. Fordi han ville løysa oss ut frå den rettferdige domen som Gud etter sin heilagdom må fella over synd og ugodlegdom. Fordi han ville løysa oss ut både frå den lekamlege og den evige død.

Ja, kjære ven — her har eg med få ord teikna eit lite bilet av Frelsaren din. Du ser eg har nyttat *Guds ord*, og ikkje min eigen fantasi til å teikna biletet.

Så må du høyra det og festa det i hugen din: Då Jesus på krossen vart tilrekna og dømd for alle dine synder, då var det altså i røynda *Gud i kjøt* som leid døden for deg. Visst var Jesus eit sant og verkeleg menneske. Men han var ikkje berre menneske. Han var og er til evig tid *Gud-menneske*, Gud i vårt kjøt.

Skjønar du så kor nær din Gud er deg? Får du ei aning om kor fullkommen di frelse er? Har Gud sjølv i vårt kjøt og blod sona syndene våre, då er dei fullkommen sona. Då er der ein fullkommen tilgjeving for all synd. Då er der og ei fullkommen von ved at Jesus stod opp frå dei døde tredje dagen.

Kjære ven, det er truverdig og sanne ord eg har skrive. Du kan sjå etter og prøva det på mest kvar side i Det Nye Testamentet ditt.

## Jeg kjenner mine og kjennes av mine

(Joh. 10,14)

Det er ikke snart gjort å se til bunns i den hemmeligheten som ligger i disse ordene. De sier oss at mellom Herren og hans får er det et særskilt, gjensidig *kjennskapsforhold*. Hva betyr det?

En aner litt av det, når en hører den samme Herre høytidelig erklærer i den store stund da han går til sin frelseggjerning: *Dette er det evige liv at de kjenner deg, den eneste sanne Gud, og ham du utsendte, Jesus Kristus.* Hør hva Herren her sier er *det evige liv!* Det er å kjenne Gud og Frelseren. Og videre: Der hvor han taler om det fineste og farligste selvbedrag i åndelige ting, det som er bygget på egen kraft og fromhet og verdighet, og som gjør at mange skal kunne si på den ytterste dag: «Har ikke vi talt profetisk ved ditt navn, har vi ikke drevet ut onde ånder ved ditt navn, har ikke vi gjort mange kraftige gjerninger ved ditt navn?» — der sier Jesus at han vil avvise dem nettopp med slike ord: *Jeg har aldri kjent dere.* De samme ordene finner vi igjen i den øvrige bortvisningsdom til de jomfruene som ikke hadde olje på lampene — Herren skal bare si: Sannelig sier jeg dere: Jeg kjenner dere ikke. Tenk for et merkelig ord dette lille ordet *kjenne* må være! Og de samme ordene bruker han der han gjør klart hvorfor de som søkte å komme inn gjennom den trange porten, ikke kunne det. De skal si: Vi åt og drakk for dine øyne og du lærte på våre gater — men han skal svare de samme ordene: Jeg sier dere: Jeg kjenner dere ikke; jeg vet ikke hvor dere er fra.

Å, må ikke du som ser og leser dette, få inntrykk av at her ligger det en stor hemmelighet? Ser du ikke hvor meget det er om å gjøre for Kristus, han som skal dømme oss på den ytterste dagen, å stille dette fram for oss?

For de troende er ikke dette noe uventet eller merkelig. Tvertom. For dem er det nettopp en gledelig bekrefteelse på at de har forstått ham rett.

Men de som undrer seg over at Herren ikke isteden sier: Dere har syndet imot min lov, eller dere har ikke tatt det alvorlig nok med deres omvendelse og helliggjørelse; ja, de som undrer seg over at Herren ikke har lagt fram en vel tilrettelagt nådens orden og sier: Dere har feilet imot denne; de som har tenkt noe slikt, får til sin undring høre ham si ett og det samme: *Jeg kjenner dere ikke;* ja, de må til og med legge merke til at det i den store dommedagsteksten i Matt. 25 hvor Jesus taler om så mange *gjerninger*, der legges likevel hele vekten på dette: *Dere har gjort det mot meg,* for min skyld har dere gjort det og det mot mine minste brødre. Det er altså *Kristus og kjennskapsforholdet* til ham som har vært kilden til disse gjerningene, så *Kristus, Kristus*, og ikke deres egen hellighet, har vært det formål de har sett hen til, som deres helliggjørelse har siktet på. De som forstår at Kristus har gjort seg særlig flid for å peke på dette, skulle de ikke endelig engang, for Jesu Kristi skyld og for sin udødelige sjels skyld, stå stille og la seg overbevise av Herren!

Det er jo han som har Davids nøkkel og som lukker opp og ingen lukker til, og lukker til og ingen lukker opp! Skulle vi ikke stanse opp for hans ord og legge oss dette alvorlig på hjerte! Det er mange alvorlige og fromme menn, som etter års hellig nidkjærhet for Gud og hans rike, endelig har våknet opp til å se sin stilling ved dette ord, og de er blitt rykket som branner ut av ilden. De fikk se Guds rikes hemmelighet — fikk se en stor og hellig person stå der blodstenkt, med gjennomborede hender og føtter, og i han og hans død alene fikk de hele sitt liv og sin glede. I sammenlikning med det holdt de sin beste hellighet for å være tap og skarn. Slik blir en til sinns, når en lærer å kjenne Jesus rett. Og bare de som har et slikt kjennskap til Jesus, er hans får, selv om kjennskapet nok kan være av forskjellig grad hos de forskjellige.

«Vil du engang for alle få et sikkert kjennetegn på hva en *kristen* er», sier Luther, «eller hva det er som gjør at et menneske kalles en *kristen*, da må du ikke se etter Moseloven eller de største helgeners hellige liv, men bare se hen til disse Kristi ord; *Jeg kjennes av mine får*, slik at du sier: Det er ikke det som gjør et menneske til en kristen at han lever et strengt og hårdt liv, slik som de alvorligste munker og eremitter. For det kan også gjøres av jøder og tyrkere, blant dem lever noen enda strengere. Med ett ord: alt det som kan skje i oss og av oss selv, det gjør ingen til kristen. Hva da! Bare det at en kjenner denne mann, synes om ham, kaller ham for det han vil kalles for: den gode hyrde som har satt *sitt liv til for førene* og kjenner dem. Et slikt kjennskap kalles og er ikke noe annet enn troen, som kommer av evangeliets forkynnelse.»

C. O. Rosenius.

## Sjå det menneske

So kom Jesus ut med klungerkransen og purpurkåpa, og Pilatus seier til dei: «Sjå det menneske». Då øvsteprestane og sveinane deira fekk sjå han, skreik dei: Krossfest, Krossfest! Pilatus seier til dei: Tak de og krossfest han, eg finn inga skuld hjå han. Joh. 19,5—6.

Som landshøvding hadde Pilatus avgjort mang ei vanskeleg sak. Men framfor Jesus og folket stod han rådlaus, fordi han veik unda sanninga, og den overtyding møte med Jesus gav han.

Ja enda hans eiga kona sende bod til han. Medan han sat i domarsete, sende kona hans bod til han og sa: Du skal ikkje ha noko med saki mot denne rettferdige mannen. Eg har drøynt so vondt i natt for hans skuld. Eg finn inga skuld hjå han, var Pilatus sitt vitnemål om Jesus, men han våga ikkje å stå for det, for folket krov noko anna. Tenk om han hadde sagt: Eg står rádlaus mot sanninga, hjelp meg Jesus å lyda Gud meir enn menneske. Det gjorde han ikkje, det

vart hans evige ulukke. Han valde ein annan veg, som alltid er dødens veg.

Folket skulle få velja. Å, om hans eigne ord kunde nådd hans hjarta: Sjå det menneske. Eit menneske som er snørt meir og meir inn i vantrua og satans garn, til evig død.

Å, om han denne siste nådedag, hadde bede med David: Ransk meg Gud, og kjenn mitt hjarta. Prøv meg, og kjenn mine tankar, og sjå om eg er på fortapingsveg, og leid meg på den ævelege vegen. Salm. 139, 23—24. For kongenes konge, og Herrenes Herre ville han ikkje bøya seg. Det er alvorleg å sjå. Sjå det menneske som bøyar seg under sitt eige vonde hjarte, og det folket vilde ha.

Pilatus går inn på kompromissets veg, i håp om at det skal enda godt. Slik står det skrive: Men då han fekk høyra at Jesus var frå Gallilea og høyrd under Herodes velde, sendte han Jesus til han, for Herodes var og i Jerusalem i dei dagane. Herodes var glad då han såg Jesus. Han hadde lenge ynskt at han måtte få sjå han, for han hadde høyrt mykje om han, og gjorde seg von om å få sjå eit teikn av han. Han spurde han om mangt og mykje, men Jesus svara han ikkje eit ord.

Det var ikkje syndenød og trong til frelsa som fylte Herodes sitt hjarta, men sensasjon. Då han ikkje fekk det slik han vilde, kom hans hjarteliv til syne. Då var det spott og håن. Men Jesus tagde. Det var heller ikkje Herodes sin frelse som låg Pilatus på hjarta. Nei, han ville koma klar frå å ta stilling til Jesus sjølv, andre kunne gjera det.

### *Sjå desse menneska*

Slik møter kvart eit menneske Jesus. Eit personleg møte til liv og frelse, eller til død og fortaping. Dei kjende ikkje si gjestingstid, det var dult for deira augo og hjarta. Gleda over å møta Jesus vart kort. Øvsteprestane og skriftlærde som skulle hjelpe desse to Herodes og Pilatus, klaga på han so sterkt dei kunne. Jesus måtte drepast. Den dagen vart dei vener, Herodes, Pilatus og folket.

Korleis kunne du klara dette, Jesus, utan å gripa til makt? Han svara: Han som ikkje visste av synd vart gjort til synd for oss. Berre for sin kjærleiks skuld. Pilatus ville vel ikkje sett Jesus igjen, men Herodes sende han tilbake, slik står det skrive.

Kva nå, arme menneske, som blir jaga av folket og eigne tankar for å koma klar det han visste var rett.

Den skuldfrie, hudstrokne, tornekrynte og misshandla, han såg ikkje ut som eit menneske, skulle no visast fram for folket. No kom dei til å be Jesus fri, men nei. Då ropa dei endå høgre: Krossfest, Krossfest han. So var og dette håp ute. Han ville gjerne gjeva han fri, men ikkje i sitt eige liv og hjarta. Difor vart han utan kraft og visdom til å gjera etter sanninga, og måtte bøya av slik tidsånda kravde.

Pilatus prøver endå ein utveg, ein fange skal setjast fri. Barrabas som var ein røvar, skulle stillast på sida av den blodige og skuldlause, Jesus frå Nasaret. No må dei sjå forskjel, no må dei velja Jesus. Eg finn då inga skuld hjå han. Nei, menneske sin tanke eller reknemåte kan ikkje hjelpa i vår frelsessak. Her

handlar Gud. Folket valde røvaren, men Gud sette Jesus i røvaren sin stad.

Den nye pakt skulle opprettast. Guds offerlam skulle denne påskehelga verta openberra for folket. I Guds stad måtte Pilatus seia dødsdommen over Guds oferlam.

Etter at Jesus hadde fått vitnemål av Simon Peter: Du er Messias, den levande Guds son, tok Jesus til å syna læresveinane at han laut fara til Jerusalem og tola mykje vondt av styremennene og dei skriftlærde, og at dei kom til å drepa han, men tredje dagen skulle han standa opp att. Difor sa Jesus ved påskemåltidet den siste kvelden han var saman med dei tolv: Eg seier dykk det alt no, fyrr det hev hendt, so de når det hender, skal tru at eg er den eg er. Joh. 13,19. Og no har eg sagt dykk det fyrr det hev hendt, so de skal tru når det hender. Joh. 14,29.

Men det kom so på tvert av alt det dei

hadde tenkt seg. At det evige liv skulle koma gjennom ein annan manns død, det såg dei ikkje då. Ein av dei som var med Jesus i både sorg og gleda skriv slik: For det var ikkje med forgjengelege ting, sålv eller gull, de vart frikjøpte frå dykkar därlege ferd, som de hadde ervt frå fedrene, men med Kristi dyre blod som blodet av eit ulastande og lytelauast lamb. Dette er det største og beste bodskap denne verda har fått. Men lik Pilatus, Herodes og folket viste det frå seg i vantru, slik og i dag. Endå vi er frikjøpt frå synda, døden og domen. «Sjå og på enden til dei som let seg overvinna av Jesus kjærleik. For truna stå, med kruna på i himlens heilagdom.» Alt dette vann Jesus oss i Getsemane, for det høge råd, under kruna, piskeslag, kross og død og grav. Sjå dette menneske som vi er vorte frelseste ved. Sjå det til liv, rettferd, fred og kvila.

*Odd Dyrøy.*

## Frelsесvished — Åndens vidnesbyrd

AV Olav Valen Sendstad

Det kan ofte undre en, hvor lidt der i denne tid tales om frelsesvished.

Hvad er grunden til denne påfaldende tavshed kan være, er ikke godt at vide. Men mange gange får man et nedslående indtryk af, at der i vore dage råder megen falsk sikkerhed i frelsesspørsgsmålet. For mange er det ligesom så *selvfølgeligt*, at de er kristne, skønt det at være et Guds barn er det mindst selvfølgelige af alt, fordi der sker et under, når nogen bliver frelst (genfødelse). For mange an-

dre er det blevet sådan, at de betegner frelsesvishedens grundlag (Ordet, Jesu soning, Jesu retfærdighed) som «dogmer», «teologi», «død ortodoksi» o.s.v.; og på den måde spærre de vejen både for sig selv og andre til den frigørende vished.

I virkeligheden burde der tales meget til denne religiøse tid, både om nødvendigheden af og vanskeligheden ved en *sand* frelsesvished. For den sande vished

er meget, meget forskellig fra den falske sikkerhed og selvfølgelige tryghed, som kendetegner al åndelig død. Og netop når Guds Ånd har vækket og levende gjort os således, at vi begynder at frygte for at *bedrage os selv*, netop da begynder vi at spørge efter det sande grundlag for frelsesvisheden; netop da begynder vi at blive trætte af den åndelige mad, vi før har suget i os, og giber efter *sandhed*, efter *klippefast grund*, efter det sande kildevæld.

Der er en slags mennesker, som er ligesom de altædende dyr, de er åndelig talt *altædende*; de foretager ingen undersøgelse af, hvad der er livsbefordrende og hvad der er livsruinerende; de tvivler aldrig på, at det de *tror, hører, læser, føler og bygger på* skulle være sandt, være holdbart. Den slags mennesker er sjældent i tvivl om deres nådestand hos Gud. De er som den fortalte søn var det i tiden *før*, han kom til besindelse: Hvem han var i selskab med, hvad han åd og drak, hvad han tænkte og følte, troede og mente — det var lige godt alt sammen. . . indtil det en skønne dag styrtede i grus. . . alt sammen.

Til dem er disse ord om visheden ikke talt.

Men så er der en anden slags mennesker, som ligner den fortalte søn i det tidsafsnit af hans liv, da han «stod op for at gå hjem», og da han endnu var på vejen hjem, håbende på det bedste, frygtende det værste, uvis om, hvorledes Faderen ville tage imod ham.

Til dem er disse ord om visheden talt.

De er blevet bedraget og skuffet over deres egen åndelige «altæden». De ved

ikke længere, hvad de skal tro og bygge på. I deres tankeverden finder de intet lys. I deres viljesliv finder de kun splittedhed, vildrede, magtesløshed. Og i deres følelsesliv finder de ingen sikker grund. Kort sagt: De finder intet i dem selv, på hvilket de tør grunde nogen vished om at være Guds barn.

Sådanne har det ondt. For dem er spørgsmålet om frelsesvished virkelig en smerte.

Og er der end, som sagt, ikke mange i vor tid, der synes at kæmpe med dette spørgsmålet, så turde disse ord dog have ret til at henvende sig til den lille flok af disse søgerne.

Vi vil prøve at klargøre spørgsmålet om frelsesvisheden i tre små punkter:

1. Først noget om *de åndelige betingelser* for at få visheden. Da visheden er en ren og fri gave fra Gud, som ingen, ingen kan tage eller erhverve selv, men som kun *fås*, da er det rigtigt af os at blive klar over, hvilke sjæle og i hvilken stilling visheden *gives af Gud*.
  2. Dernæst vil vi prøve at kaste lys over forskellen mellem tro og vished og beskrive *vishedsoplevelserne*.
  3. Endelig vil vi forsøge ud fra Bibelen at forklare det, som konstituerer visheden, *Åndens vidnesbyrd*, i den troendes hjerte.
- 1. Betingelserne for at få frelsesvished.*
- Hvis du tænker på den fortalte søn (Luk. 15), så vil du straks se, at der var *to betingelser*, for at han kunne få vished om sit barnekår hjemme i faderhuset:

For det første måtte han «stå op» og «gå hjem», d.v.s. vende sig til faderhuset, for der at få rede på, hvordan hans sag stod.

For det andet måtte han selv «høre», fornemme, forstå af sin fars mund, hvad faderen tænkte om ham og hans barneret. Og på det faderen sagde i den sag, kunne han grunde sin vished og ægte sikkerhed.

De samme to betingelser udtalte Herren også til Israel: Ville de erfare og forvisses om hans nåde, så måtte de komme til ham og høre på ham:

*«Vend om, I frafaldne sønner, lyder det fra Herren; thi jeg er Eders herre; jeg tager Eder, en fra en by og to fra en slægt og bringer Eder til Zion»* (Jer. 3,14).

Og da Israel til straf for al sin synd, verdslıghed og ugudelighed var blevet bortført til Babylon, da lovede Herren dem dette:

*«Leder I efter mig, skal I finde mig; så fremt I søger mig af hele Eders hjerte»* (Jer. 29,13). D.v.s at *betingelsen* for at finde Herren er at søge ham, er at gå og komme til ham, og *betingelsen* for vished er at få at høre af Herren selv, at man har fundet ham.

— — —  
Men hvad indebærer disse to betingelser nærmere betragtet?

Hvad er det at «stå op», at «gå hjem», at «komme til ham», at «søge ham af hele sit hjerte»? Og hvad er det at «høre hans røst», at «fornemme Faderens svar», at «tro på ham»?

Nogle få ord skal gives til belysning af hver af dem.

— — —

Når mennesket vil til at søge Gud af hele sit hjerte, og gør dette efter sit eget hovede og sin egen fornufts belæring, så tænker det: «Jeg må samle in tanke og vilje om *det ene*; det må være slut med mit delte og splittede sind; jeg må prøve at tænke koncentreret på Gud; jeg må forsøge at udelukke alle uvedkommende tanker og interesser; jeg må undertrykke alle vilde lyster og rebelske begæringer» o.s.v.

Men det varer ikke længe før alt dette mislykkes!

Og det er ikke underligt, for alt dette kan jo lignes med den fortalte søns fantasibilleder. Hvis han lå i syndens dynd og elendighed og tænkte: «Nu vil jeg tænke på far, nu vil jeg tænke på ham alene, glemme og lukke alle andre tanker ude samt al den gruelige elendighed, jeg lever i» — til hvad nytte var den slags drømme og fantasterier?

Sådanne drømme og fantasterier er *lovens* måde at søge Gud på: Man skal i sine tanker løfte sig op i Guds verden ved at tænke på Gud alene; man skal få forbindelse med Gud ved med sin vilje at koncentrere sig energisk og beslutsomt.

Drøm! Vås! Indbildning!

Af dette kommer der ingen forbreding, ingen omvendelse.

Hvornår «stod han op», den fortalte søn?

Jo, da han dybt beskæmmet over at have bortødet arven, da han skamfuld over sine slidte klæder, da han nedtrykt over hele sin fortid alligevel ville gå hjem som han var, og fortælle alt fuldstændig som han havde gjort.

Åh, det er en forfærdelig, fattig og ringe måde at komme på!

Men netop dette er *evangeliets* måde at søger Gud på: Man må gå til Gud uden ære, uden fortin, dybt beskæmmet over sit mislykkede liv, dybt skamfuld over alle pletterne på samvittigheden og alle pjalterne, dybt nedtrykt over de svundne dage og timer, de for evigt henrundne, svundne dage. Det er evangeliets vej til faderhuset: Du må gå til Gud og fortælle alt om dig selv, vel vidende at du overhovedet ikke vil kunne svare for dig, når Han vil gå i rette med dig; sikker på at du må stå tavs foran Ham med tilstoppet mund, uden undskyldning, uden selvforsvarets ubegribelige veltalenhed.

Er det at søger Gud af *hele sit hjerte?*

Ja, det er at lyde ordet: Vend tilbage — *I frafaldne*. Det er at følge indbydelsen: Kom hid — *du arme synder.*

*Hvorfor kalder evangeliet* dig ellers for synder, for fortapt og for ugodelig?

Jesus indbyder dig. Javel, men netop idet han indbyder, kalder han dig en synder.

Hør min ven!

Hvad enten du aldrig har været frelst før, aldrig har søgt Gud, eller tror, at du længe har været en kristen, så er dette at komme, dette at søger Herren af hele sit hjerte: At være en synder i sig selv, der aldrig kan andet eller mere end fortælle Ham om tilstanden, synden, besmittelsen, *netop sådan som det er.*

Spørger du mig, om en gammel kristen også altid bør ligne den fortapte sørn, så svarer jeg dig: Der er kun en eneste måde at komme sandt til Herren på for omvendte og for uomvendte, og *det er at komme i bod og anger og fortælle,*

*hvordan det står til.* Når en sjæl ikke længere vil være på den *bodfærdiges plads*, så er han på frafaldets vej, selv om han roser sig af de højeste og ædleste åndelige dyder og fortin. For den, som har et syndigt kød, en gammel og ond natur og en ond lyst i seg selv, han har altid behov for at gå til Gud i *bod* og anger og fortælle om stillingen, som den er.

Det er den første betingelse for at få frelsesvished, at du én gang er kommet på denne plads; og det er betingelsen for at bevares i vished, at du *altid* forbliver på denne plads. For så længe du er her på jorden og trækkes med dit syndige kød, så længe trænger du til altid at fortælle Gud om kødets besmittelser. At der er stor uvilje og modvilje i os mod at indtage denne lave plads og blive på den, det vet vi godt nok. Derfor er der også i denne falske tid og i al sikkerhedsfølelsen nutildags mange, forfærdende mange røster, som vil tilbyde dig sin hjælp ved at skaffe dig en sådan «sejrende kristendom» og høj «åndsfylde», at du kan slippe for at være på denne lave plads. Dog vil vi sige om dette: Lige så sandt som det findes en sund sejr og fylde af Guds Ånd, lige så sandt er det en satansk og forblindet form for «sejr» og «åndelighed» og «åndsfylde», som ikke daglig trænger til at gøre bod og komme på den lave plads, på synderens plads for Gud. Og særligt underfuldt er det, at kun som bodfærdig kristen ejes den sande *glæde* og *frelsесfryd* i Herren. For de ubodfærdige synes det at være et tungt og trist liv at være på den lave, bodfærdige plads. Men netop da den fortapte

søn skammede sig *dybest* over *sig selv*, kunne han glædes og frydes *hest* over *faderens* godhed, trøst, nåde og kærlighed. Sådan er det med os i forholdet til Gud.

— — —  
Den anden betingelse for frelsesvished er, sagde vi, at du får at høre af Faderens mund, hvorledes det står til med din barneret og nådestand.

Dette ord af den himmelske Faders mund hører vi her på jorden af Jesus. Derfor råber Faderen ud over jorden: *Hør ham!* (Matt. 17,5.) 'o derfor lyder det fra Faderens mund: Alle, som tager imod ham, Jesus, giver han ret til at kaldes Guds børn (Joh. 1,12). Det være sig fortalte sønner, forkomne døtre; det være sig syndere, urene, besmittede, ugrundelige: Den, som hører og tager imod Jesus, bliver barn i himmelen!

Barneretten står og falder med *Jesus*. Derfor må *visheden* om barnekåret også stå og falde med, om du *hører, antager, modtager* og *fornemmer* Guds ord om Jesus. For hvor evangeliet om Jesus er og høres, der høres den himmelske Faders røst: Kom hid, du hjælpeløse! Om du end for vild og forspilde hele din arv, her er et nyt og bedre rige grundlagt for dig! Kom — kom; frygt ikke. Jeg genløser dig, jeg kalder dig ved navn, du er min! (Es. 43,1.)

Og hvor apostelen vil formulere frelsens og dermed vishedens betingelse, dér siger han: «Tro på Herren Jesus, så skal du blive frelst» (Ap.G. 16,31). Troen på Jesus er *betingelsen*. Frelse og barnekår er *følgen*.

Lige så snart vi kommer til denne side

af frelsen, så kommer de tusinder indsigelser og udflygter. Her er det ord, som overhodet *ingen* på jorden har loddet den fulde dybde af; men her er også det ord, som alle indbilder sig, at de kender og forstår! Hvis mennesker brugte bare halvdelen af den energi, de bruger på at tænke på og forstå *sig selv*, til at tænke på og forstå *Jesus*, da ville verden vrimle af lykkelige kristne.

Men nu er der kun en lille flok.

Og dog siger Paulus:

«Hvorledes skulle de kunne tro ham, som de ikke har hørt om? . . . så kommer da troen af det, som høres» (Rom. 10,14ff). Og Herren siger: «*Hør,* og Eders sjæl skal leve!» (Es. 55,3).

Derfor kære sjæl! Søger du frelse og vished om frelse, da hør flittigt efter ordet om Jesus. For han er frelsens grund, som det står skrevet:

«*Thi ingen kan lægge anden grundvold end den, der er lagt, nemlig Jesus Kristus*» (1. Kor. 3,11). Han er *grunden* til frelse. Han er årsagen til trøst, glæde og fred. Han er *grunden, så kommer følgen* af sig selv. Har du *Jesus*, hans person, ord og værk, så kommer sjælens frelse og vished *af sig selv*.

Han tog din syndeskyld på sig og kendte dine synder som sine (3. Mos. 16,21; 1. Pet. 2,24). Han bar den straf, som ventede dig (Es. 53,5).

Vil du *tro* det, lade det være grundlag, hænge fast ved det, stole på det?

Da vil du blive frelst!

Da han døde på Golgata, da døde din syndeskyld (2. Kor. 5,15). Da hans blod blev udgydt, da blev dit gældsbrev udløst (Kol. 2,14). Han opfyldte loven,

for at loven ikke skulle kunne skade dig.  
Han var i alle ting Guds behag, for at du  
i ham skulle blive værdsat af Gud.

Her er den himelske Faders tale om  
din barneret og om *grundlaget* for frelse.

Her får du se, at *grunden* til din frelse  
ikke ligger i *dig*, ikke i dine bønner eller i  
din nød, ikke i din anger eller ærlighed.  
Nej, grunden ligger *udenfor dig*, i Jesu  
person, i Jesu værk, i Guds hjertelag og  
nåde.

Den grund hvorpå jeg bygger,  
er Kristus og hans død;  
i Jesu korses skygger  
er sjælens hvile såd;  
der har jeg fundet livet,  
selv er jeg intet værd;  
hvad Jesus mig har givet,  
det gør for Gud mig kær.

Sådan synger Paulus Gerhardt. Og  
Johan Andreas Rothe, en tysk præst  
som levde i 1700-tallet, synger om denne  
grund:

Nu har jeg fundet det, jeg grunder  
mit salighedens anker på,  
den grund er Jesu død og vunder,  
hvor den før verdens grundvold lå;  
det er en grund, der evig står,  
når jord og himmel selv forgår.

Og Pontoppidan sang:

Om nogen nu mig spørge vil  
om grund til salighed,

...

jeg svarer med et frejdigt mod:  
«Min grund er Jesu blod.»

Hvor disse to ting findes i vore hjerter: En hjælpeløs fortapt synder, der må komme og fortælle om sin stilling, som den er, og hører, tror, hænger fast ved og stoler på, at *Jesus* er frelsens grund, dér får Gud lov til at frelse en synder. Og dér kan der komme *frelsesvished*.

Dette vil vi stærkt *fremhæve*:

Det er kun syndere, som bliver frelst  
og får frelsesvished. De egenretfærdige,  
som aldrig har klaget over synd, får heller ingen vished. Når du bliver *uren* for  
Gud, da får du vished om renselse i Jesus.  
Når du bliver en *synder* for Gud, da  
kan du forvisses om *forladelse*. *Når du  
får at se, hvem du selv er, da kan du tro,  
hvad Jesus er. Og når du tror på Jesus,  
sådan som du er, da kan du få vished  
om, at du er Guds barn, sådan som du  
er, Guds barn i ham.*

Lad os nu endvidere sige lidt om

(Framh. neste nr.)



## «Runde og firkanta predikantar»

Uttrykket ovanfor har eg henta frå Dagen, frå diskusjonen som fylgte etter G. Prestegård sitt foredrag der han seier at det Guds ord seier om fortapinga burde koma meir med i forkynninga, også i det som blir forkjent gjennom NRK. Det reiste ein storm av protestar mot slik forkynning, og andre støtta Prestegård som meinte det blei for lite forkjent. Nokre meinte at det var forkynnaraane si skuld i kringkastinga som utelet den delen av Guds ord, medan ein meinte at kringkastinga med sitt val av tekstar var den skuldige, og på den måten sila dei ut alle firkanta predikantar, og dermed blei det mest av dei runde som slapp til i kringkastinga.

Etter at eg las det, har eg tenkt mykje på dette med runde og firkanta predikantar, og fleire spørsmål har meldt seg. For det første: Passar slike namn på oss som forkynner Guds ord i vår tid? Og for det andre: Kva vil det seja å vera ein rund predikant? Og kva ligg det i å vera ein firkanta predikant?

Skal me finna svar på desse spørsmåla, må me gå til Bibelen og finna svar på kva som er ein predikant sitt kall og oppgåve. Og det finn me klart sagt i 2. Kor. 4, 1–4: «Difor, då me hev denne tenesta, etter som me har fenge miskunn, so misser me ikkje modet, men har avsagt alle skamlege løyndvegar og gjeng ikkje fram med svikråd eller forfalska Guds ord, men ved å kunngjera sanninga steller me oss fram for alle manns samvit for Guds åsyn. Er då enn vårt evangelium dult (skjult), så er det

dult mellom dei som vert fortapte; for denne verda sin Gud (djevelen) hev blinda hugen åt dei vantruande, so ljoset frå evangeliet om Kristi herlegdom, han som er Guds bilete, ikkje skal skina for dei.»

I dette ordet er mykje sagt om ein Guds ords forkynnars kall og oppgåve. For det fyrste ser me at det er ei oppgåve Gud gjev til den som sjølv *har fenge miskunn*. Det vil seja ein som har personleg erfare og teke imot Guds frelse, er fødd av Anden, ser og trur i hjarta den herlegdomen som Guds har gitt i Kristus Jesus. I dei to siste versa i forrige kap. står det: Men når de vender om til Herren, då vert sveipet over hjarta bortteke. Men Herren er Anden; og der Herrens Ande, er der er fridom. Men me som med usveipt åsyn skadar Herrens herlegdom som ein spegel (i Guds ord), me vert alle omlaga til det same bilete frå herlegdom til herlegdom, liksom av Herrens Ande.» Og så fortset ap. i neste kap.: Difor, då me har denne tenesta, etter som me har fenge miskunn.

Av dette ser me at den som ikkje har erfare dette i sitt liv, berre lært det av sin forstand, ved andres erfaring og lærdom, utan at ljoset frå evangeliet har natt hjarta og du har motteke Guds ånd og fenge Kristi sinn, blir ingen kalla til forkynnar av Gud. Og her rører me vel ved ein av hovudgrunnane til dei mange «runde predikantar» både i NRK og andre stader, som talar tome ord utan Ånd og liv, til stor sorg for Guds folk, men blir anerkjent av den religiøse verda, og

til fråfall for vårt folk. Det er ei liding å sjå og høyra dei mange i dag som meiner dei er ute i «oppdrag» for Gud, utan sjølv å kjenna den frelsa dei syng og vitnar om, ofte med verdslege melodiar og songar som er ei liding å høyra på for Guds folk. Dei er aldri å sjå på møtene der Guds folk samlast om Guds ord og evangelium. All denne forkynninga av Guds ord, det er det verste me høyrer, det er turt og trøyttande, me må få noko som er meir liv og fart med. Ja, slik talar den åndeleg blinde, som talar og tenkjer slik om Guds ord, ordet om Lammet, blodet og krossen, som er livsnødvendig og kjært for alle frelse Guds barn. Du har ingen ting å gjera som forkynnlar, eller ute på «evangelisering», før du sjølv vert frelst av nåde og lærer din frelsar å kjenna i sanning.

*Ein rund predikant* vil forkynna det folket likar å høyra, teia om og underslå det som folk misslikar, reagerar på og reiser seg imot. Ein kvar sann predikant veit at det er ei stor freistung og dragande makt i det folket likar og ventar å få høyra, og mange fell nok i den freistunga å gi etter for å behalda folket, bli anerkjent og ha framgang i arbeidet. Og det som då blir tagt om er det Guds ord seier gjennom lova, om synda, domen og Guds vreide, om fortapinga, den tronge døra og smale vegen til livet, og den vide døra og breie vegen som fører til fortapinga, det skillet Guds ord set millom Guds barn og verda sine barn, dei utvalde Guds barn og vredens barn. Slik forkynning reagerar menneske imot, og serleg den religiøse almennreligiøse verda.

Det andre det naturlege menneske, og det religiøse menneske reagerar imot er

forkynninga om den uforskyldte nåden for fortapte syndarar, evangeliet om Jesus offer på Golgata, om hans stedfortredande soning ved sitt blod, med andre ord den Jesus som Bibelen forkynner. Legg øyra til det som blir forkyst i NRK og andre stader, så vil du leggja merke til kor sjeldan disse sidene blir forkyst. Det var nokre korte trekk ved det som kan kallast ein rund forkynnar.

Kva skil så den *firkanta forkynnaren* frå den runde. Den runde kjem seg fram utan å støyta, utan at nokon reagerar serleg, men den firkanta vil støyta burti både her og der. Lat oss sjå kva Ordet vårt seier om det.

«Men me har avsagt alle skamlege løyndvegar og gjeng ikkje fram med svikrād eller forfalska Guds ord, men ved å kunngjera sanninga steller me oss fram for alle manns samvit for Guds åsyn.» Her ser me vårt kall og oppgåve som forkynnurar: Å forkynna sanninga, slik me har lært den å kjenna og møter den i Guds ord. Ikkje gå skamlege bakvegar og løyndvegar, ikkje med svik eller forfalsking av Guds ord, men ved å forkynna Guds ord slik det står, om nokon forkynner, han tale som Guds ord, seier Skrifta. Jesus seier at den som høyrer mitt ord, tek imot det og blir verande i det, han skal læra sanninga å kjenna, og sanninga skal gjera dykk frie — ved at sanninga førar oss til Jesus, og den som Sonen får frigjort, han blir verkeleg fri (Johs. 8).

Med denne sanninga, sanninga om vår falne og fortapte, syndige natur, om Guds vreide og rettferdige dom over synda og syndaren, fortapinga som ventar alle som ikkje tek imot kjærleik til san-

ninga og viser Jesus og nåden frå seg, og sanninga om Jesus og den frelsa som Gud har gjeve slekta i og ved hans stedfortredande offer og blod på Golgata, som tok bort verda si synd på ein einaste dag. Denne sanninga og dette evangelium er ei Guds kraft til Frelse for kvar den som trur det og tek imot det, og med den skal forkynnaren stella seg fram *for alle manns samvit, og står for Guds åsyn.*

Merk deg det at forkynnaren står for Guds åsyn, ansvarleg overfor Gud og overfor Guds ord, og at forkynninga skal venda seg til *samvitet*, ikkje berre til tanke og forstand. Det er samvitet som må vekkjast, om syndaren skal finna veien til Jesus og bli frelst og frigjord og reinsa i samvitet for å leva med Gud.

«Den rikdom er stor å ha Jesus til bror og eiga Guds levande ord», men skal menneske finna denne rikdomen, er det avhengig av at nokon steller seg fram og forkynner *Guds ord*, ordet om krossen og han som leid for våre synder der, og sto opp til vår rettferdiggjering.

Men eit slikt budskap er ein støyt for det naturlege menneske, og ein dårskap for den eigenrettferdige. Forkynner du dette budskap, vil du snart få erfara kva som meinest med ein «firkanta predikant». Du vil få dela sjebne med Ordet, og Jesus som er ordet. Folket støyter seg og seier: «kven kan høyra slik tale», og dreg seg unna, foraktar deg, går utanom deg, reknar deg for inkje, og du blir som ein som ingen vil sjå på eller høyra på. Ja, i mange tilfelle kan forakt og motstand bli så stor at endå dine åndelege brør ikkje vågar å be deg om å tala Guds ord. Då er det godt at det er Jesus, han

som kjenner alle ting som skal døma til sist, er den som du har til Herre og frelsar.

Men det er dette evangelium, som er ei Guds kraft til frelse, for kvar den som trur det. Og det me framom alt treng om å be om i vår vonde tid, det er slike predikantar, som forkynner Guds ord utan svik og forfalsking. *Tome ord* og menneskelege talemåtar har me så mykje av, og Guds ord seier at dei er som daukjøt som et om seg og drep livet, og er ikkje mat for Guds nådebarn. Dersom du skil det dyre frå det verdlause, då skal du vera som min munn, seier Herren til sine profetar og forkynnara.

Sjå på Jesus og apostlane, som om de har oss til fyredøme, seier Paulus i Fil. 3,17. Skrifta viser klart at dei var så visst ikkje runde, men sto ansvarlege for Guds ansikt, forkynte Guds ord og sanninga kvar dei var, anten dei tala til jøde eller heidning, motstandarar eller vene, var bedne til middag eller blant kristne brør og Guds menighet. Paulus seier i 1. Tessal. 2, 3—6: «For vår forkynning kjem ikkje av villfaring eller av urein hug eller med svik; men liksom me er haldne verdige av Gud til å få evangeliet yverlate, såleis talar me, ikkje som dei som vil tekkjast menneske, men Gud, han som prøver hjarto våre. For korkje kom me nokosinne med smeikjande ord, som de veit, eller med skalkesjol for havesykja, Gud er vårt vitne, ikkje heller søkte me æra av menneske, korkje av dykk eller av andre, endå me kunne kravt vyrdnad som Kristi apostlar.»

Dette gjeld heller ikkje berre den som forkynner, men også deg som er leiar for kristenflokkane. Du avgjer kva forkyn-

## *Bevar ditt barn*

*Bevar ditt barn — den selsomme lek,  
med tanker som ikke var dine.  
Når hjertet bort i fra Ordet vek,  
og syslet med tankene sine.*

*Bevar ditt barn — i en ventetid,  
da jeg ikke kan se eller høre  
at det du lovet meg skulle så bli  
selv om jeg intet kan gjøre.*

*Bevar ditt barn — når foten blir sår  
av torner og stener på veien,  
når jeg i blant gjennom ildprøven går  
og tror meg tatt feil av leien.*

*Bevar ditt barn — i det fossende stryk,  
der er ikke bunn under foten.  
Og jeg er så arm, — så fattig og syk  
og kjerner meg revet fra roten.*

*Bevar ditt barn — når en tærrende gnist  
av vanstro fikk råde grunnen,  
når jeg ikke kan føle — og vite forvisst,  
om jeg lenger i Kristus er funnen.*

*Bevar ditt barn — når en synd blir så stor,  
at nåden blir dårskap å nevne.  
Når fienden stormer det sted hvor jeg bor,  
og vil intet håp for meg levne.*

*Bevar ditt barn — når en sorg er så hård,  
jeg kjerner jeg segner og bever.  
Når alt omkring meg min undergang spår  
da, Jesus fortell at du lever.*

*Bevar ditt barn — når en hevntanke kom  
omkledd som rett og som riktig.  
Da må ditt lys og din nåde få rom,  
så jeg kan vandre forsiktig.*

*Bevar ditt barn — og hevn det du  
så kjærlig og mild som du kommer.  
Den kaldeste natt kan du underlig snu,  
så det blir varme — og sommer.*

*Bevar ditt barn — i din sårede hand.  
I den jeg jo navnet mitt finner.  
Den skal jeg trykke så varmt som jeg kan,  
når evighetsmorgenens rinner.*

Berit Berg  
(Etter Evangelisten)

ning dei får, anten runde predikantar på linje med den folket ventar og krev, ein som ikkje støyter nokon bort, eller slike som forkynnar Guds ord og krossen sitt evangelium. Jesus ropar ve over den som alle talar vel om.

Ein kvar sann forkynnar bed med songaren: «Herre Jesus, ta mitt hjerte,

yll det med din Hellig Ånd — Lær meg å vandre Åndens veier, Hold meg i din nådepakt! Intet hos meg selv jeg eier, Har dog alt, har bryllupsdrakt. Ta min tunge, tem dens tale, Gjør den til en sannhetstolk, Så den levende kan male Kristus deilig for mitt folk.»

Amund Lid.